



DEN NORSKE KYRKJA

Knarvik sokn

Postboks 228, 5903 Isdalstø



VELKOMEN TIL FREDAGSKLUBBEN I KNARVIK KYRKJE!

Ein stad for lek, fellesskap, aktivitet og moro!



Kor: Knarvik kyrkje, Lonsvegen 100



Når: Annankvar fredag kl. 18.00–20.00

Kva skjer?

- Leik og moro
- Spel og aktivitetar
- Andakt og fellesskap
- Snacks og noko godt å drikke

Til deg som går i 5.-6.-eller 7.-klasse og dine føresette

Me har gleda av å invitera alle i 5.-7.klasse til Fredagsklubben i Knarvik kyrkje. Annankvar fredag samlast me til uformelt fellesskap frå kl. 18.00 – 20.00. Her vert det kjekke aktivitetar; lek, prat, bordtennis, spel, musikkstudio, hobbyverkstad, andakt, kiosk og mykje meir! **Fredagsklubben skal vere ein plass** der du kan ha det kjekt og kose deg saman med jamaldringar. Kvar gong vert det ein særskild aktivitet i tillegg til dei vanlege. På neste side kan du sjå kva program me har for hausten.

Me har kiosk der du kan kjøpe vaflar, pølser og litt snop kvar gong. Kiosken er open frå kl. 18:30-19:30. Du får vatn og saft å drikke. Ved ankomst vippsar du kr. 30,- til 56789 Knarvik sokn / Fredagsklubben og får 3 bonger du kan bruke i kiosken. To til mat og ein til snop.

Påmelding

Me vil at fredagsklubben skal vere ein trygg plass for alle og ynskjer difor ei heilt uforpliktande påmelding. Me registrerer barna når dei kjem og når dei går. Det er mogleg å berre møte opp og, men for å lette logistikken og registreringa ved frammøte, er det fint å få kontaktinfo på førehand. Møt gjerne kl. 17.45 til registrering.

Påmeldingsinfo vi treng:

1. Fullt namn og fødselsdato på barnet
2. Skole og klasse
3. Mail og mobil til føresett(e)
4. Fototillatelse? (foto til kyrkja si nett- og facebookside, Kyrkjeblad)
5. Om det er behov for tilrettelegging andsynes **matallergiar**, eller **andre behov**.

Send på mail til KV479@kyrkja.no

Leiarar for Fredagsklubben

Kristin Gilje Vestbøstad	Kyrkjelydspedagog Knarvik sokn
Hildur Løkken Lillestøl	Tilsett/vikar Knarvik sokn
Enya og Linnea	Unge medhjelparar

Dersom du har lyst og mulighet, gje gjerne ei pengegåve til arbeidet med barn og unge i kyrkjelyden vår. Me treng pengane til alt det flotte som skjer!

VIPPS 56789 Knarvik sokn / gåve

Tusen takk!

**PROGRAM****12. september Bingokveld****26. september Rebusløp****3. oktober Bowling****24. oktober Just Dance og Gaming****7. november Gameshow****9. november Fredagsklubben bidrar på familiegudsteneste i Knarvik kyrkje****21. november Bursdagsfest****5. desember Juleverkstad og lussekattar****IKKJE FÅTT INVITASJON?**

Me brukar kyrkjeleg medlemsregister, og dermed går det skriftleg invitasjon til dei som er døypte. Kjenner du nokon som ikkje har fått invitasjon? Inviter ho eller han med! Ein treng ikkje vere medlem i kyrkja for å bli med på Fredagsklubben. Alle er velkomne!

Kontakt og meir info:

- Facebook: Knarvik sokn
- Nettside: kyrkja.no/knarvik
- Messengergruppe: «Barn og juniorar i Knarvik Kyrkje»

Me treng vaksen-leiarar!

Har du lyst og mulighet til å vere med? Først og fremst treng me gode vaksne som «berre» kan vere saman med deltakarane, spel kort, bidra på hobbyverkstaden eller på kjøkkenet.

Det er eit privilegium å vere saman! Det er viktig at det er nok vaksne når deltakarane samlast!

Meld på mailen om du kan vere med, kva dag som passer, og om du har yn-skje for kva du kan/vil hjelpe med!

	AGENDA – kvar gang	HJELPEBEHOV – kvar gang
Fra ca 17.30	Førebuing	Rigge bord og utstyr lage vaffelrøre/varme pølser o.l
17.45-18.15	BARNA KJEM • Registrerer seg • Frie aktivitetar	• Registrering frå kl. 17.45 - krysse av dei som har vore der før samt registrere nye • Tilsyn - gå rundt blant barna – passe på at alle har det bra/har nokon å vere med • Formingsbord - gi hjelp til kreativt arbeid • bordtennis/ airhockey, brettsoill
18.15-18.30	FELLESSAMLING • Klubbsang • Kort andakt • Lek • Info	• Tilsyn - vaksne med på samlinga • Kjøkken - lage til kiosken med hotdog og vaflar
18.30-19.30	FRIE AKTIVITETAR KIOSKEN ER OPEN	• Tilsyn - gå rundt blant barna – sjå til at alle har det bra/har nokon å vere med • Formingsbord - gi hjelp til kreativt arbeid, • Spillerom - være med på bordtennis/airhockey, brettspill • DATAspill (av og til)
19.30-20.00	SAMLING I KYRKJEROMMET	• Tilsyn - nokre vaksne med i kyrkjerommet • Rydding - nokon som rydder i salene
	Etterarbeid	Opprydding på kjøkken Opprydding i salene

Håpar me sjåast!

Helsing leiargjengen v/ Kristin Gilje Vestbøstad — kyrkjelydspedagog i Knarvik sokn